

Stor dugnadsinnsats i Helgheim

17.03.2012



Under årsmøtet for stutt tid sidan klaga leiinga i ungdomslaget over mangel på mannskap. Men kanskje står det ikkje så ille til likevel, for dei siste dagane har Helgheim vore prega av stor dugnadsinnsats.

Matsalen i underetasjen er måla kvit og fin. Jobben er ikkje heilt ferdig men det skal den vera når helgga er omme, opplyser ein iherdig vaktmeister - Knut Johannes Ripel.



Han berømmar særleg dei ivrige og driftige bingodamene for det som er gjort. Det har verkeleg gått unna. Torsdag vart veggane rydda og vaska, fredag var dagen for grunning og første strøk med måling kom i dag,



Ripel har teke desse bileta. Gjengen er frå høgre Kjell Tungesvik, Kjell Harald Tungesvik, Lovise Sunde, Karin Tungesvik og Audhild Lie.

Det er Lovise og Audhild som grunner og Kjell Harald Tungesvik som står på kne.

Av Ola Matti Mathisen